



EIT KULTUR- OG IDRETTSLIV FOR ALLE?

Fylkeskulturkonferansen 16. november 2017

Kultur- og idrettskonferansen i Hordaland

Tema: Inkludering og deltaking

Kunst, kultur og idrett er grunnleggjande for eit rikt livsinnhald, stimulerer utviklinga av fellesskap og demokrati, og er eit vilkår for ei god samfunnsutvikling. Ein kulturpolitikk som legg til rette for dette må vere open og lydhør, og fremje deltaking og mangfald.

Regional plan for kultur 2015-2025, *Premiss: Kultur*, har ambisiøse målsetjingar. Innbyggjarane i Hordaland skal ha like moglegheiter uavhengig av etnisk og sosial bakgrunn, kjønn, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering og kjønnsidentitet.

Inkludering og deltaking er difor hovudtema for Fylkeskulturkonferansen.

Korleis skape eit samfunn med like moglegheiter? Korleis byggje ned fysiske, økonomiske, kulturelle og sosiale barrierar? Kva viser forskinga? Kva kan vi lære av kvarandre?

Set av dagen og gled deg til inspirerande møte med dyktige innleiarar, friske debattantar og gode kollegaer!

